Tillegg 2. juni Sunnhordland
DI LOKALAVIS!

**Møt opp og sjå festivalopptoget laurdag 3. juni! Det startar frå Leirvik skule kl. 11.30 og endar opp på Torget**




# HF

## HANDBALLFESTIVALEN PÅ STORD 2006



STORD

HANDBALLFESTIVALEN

DEN 17. HANDBALLFESTIVALEN PÅ STORD



**Kjartan B. Grov**
**Festivalleiar**

## Kjære festival-deltakarar!

*Nok ein gang er det pinse og tradisjonell Handballfestival. Me er kjempe glade for rekordpåmeldinga som me har opplevd i år. Heile 237 lag har meldt seg på, og det er me svært takksame for i Stord Handball!*

*Alle spelarar, leiarar, foreldre og andre skal vita at me gjer alt me kan for at dei skal få eit positivt og minnerikt opphald på turneringa vår. Omlag 400 friviljuge personar er med og hjelper til for ar alt skal gå bra. Dette er først og fremst foreldre, men også spelarar og andre handballvener stiller opp og gjer ein kjempejobb! I år har me også fått god hjelp av andre idrettslag på Stord, noko som beviser det gode samarbeidet som må til for å avvikla ei så stor turnering. Over 800 kampar skal avviklast på fire dagar, ca 11000 middagar og frukostar skal serverast. Ca 0,5 tonn pølser skal spisast opp. Det er imponerande tal som viser den store innsatsen som alle legg ned.*

*Når me er så mange lag som i år, så veit me at det kan bli trongt både i matsal, ved banane, i klasserom, i kioskar – med andre ord dei fleste plassar. Me vonar alle hjelper til med å laga ei positiv rame slik at alt går så bra som mogleg. Me arrangørar har gjort vårt beste, sjølv om nokon kanskje kan føla det litt urettferdig med t.d. overnattingsstad. Dette prøver me å fordela rettferdig, så me håpar at alle får mykje positivt ut av pinsehelga.*

*Det gler oss å sjå at så mange klubbar kjem til den 17. Handballfestivalen. Spesielt kjekt er det å sjå at klubbar som Askøy kjem med tett opp mot 20 lag. Det er imponerande! Dette tar me som ein prov på at dei er nøgd med opplegget me har hatt tidlegare år. Me vonar alle får eit kjekt og bra opphald på Stord, både dei som er nye og de som har vore mange gangar før. Lukke til med turneringa!*

*Venleg helsing*

*Kjartan B. Grov*
*Turneringsleiar*

**Ansv. redaktør:**
Håvard Hystad/Sunnhordland
**Sats og trykk:** Sunnhordland
**Opplag:** 11.000



# Nye, fleire og betre handballbanar

*Det er mykje som skal klaffa for at Handballfestivalen skal gå sin vante gang. Øyvind Epland og Richard Juvik har den siste tida hatt ansvar for at me i år får nye, fleire og betre handballbanar under festivalen.*

ANNE LILLEBØ GJERSTAD

– I år er det heile 19 handballbanar, det er to fleire enn i fjor. Me har tre banar inne, ein bane ved ungdomsskulen, ti banar på kunstgrasbanen, fira på skeisebanen og ein ved stadion, forklarar Epland. Handballgruppa har i år klart å samla alle dei nitten banane i og rundt hallane. Dette er fyrste året dei har klart å få alle banane så nære festivalområdet.

Med heile 237 påmelde lag og 19 handballbanar, seier det seg sjølv at det trengst mange handballmål. Til no har Epland og Juvik jobba svært aktivt med reperasjon og snikring av heile 38 mål. – Det har vore ein del slitasje på handballmåla. Me har reparert og laga eitt par nye mål. Det har vore mykje arbeid, men alt har stort sett gått bra. No berre ventar me på å ta dei i bruk, fortel Epland.

**Fleire oppgåver**
Det er ikkje berre snikring og hamring dei to skal holde på med under festivalen. Dei skal også vera med på merking av banar og rigging samt rydding av utstyr. – Me skal rydda boss, finna fram grillutstyr, putebenk, merka banar, henta fram skilt til tog, og sjølvsagt rydda på plass alt når festivalen er ferdig. Det er viktig at alle hjelp til også med ryddinga, avsluttar Epland.



MOT har eit inspirerande undervisningsopplegg for ungdom og støttespelarar i heile Noreg.

Dei jobbar med å førebygge mobbing, vold og rusmisbruk, gjennom fokus på menneske sitt mot og livskvalitet.

Mot til å leva
Mot til bry seg
Mot til å sei nei
Mot til å vera seg sjølv
Mot til å ta eigne val

## Velkomne til handballfestivalkommunen Stord!

Pinsen har lengre enn lange tradisjonar, men her hos oss er Handballfestivalen like årvis. Dette er syttande gangen og konseptet har utvikla seg stadig, og har synt seg å vera attraktivt for store delar av Vestlandet. I år har me til og med lag som kjem heilt frå Alta. Spesielt velkomne til dei! I år er det rekord i talet på påmelde lag, og som vanleg satsar me på strålande ver og kjempe god handball! Me Stordabuar må igjen syna oss som eit godt vertskap når så mange kjem tilreisande. Handballgruppa og alle dugnadsfolka har etter kvart rutine på arrangementet, men likevel er dette ei storsatsing kvar gang. Eg vil berømma alle som tek i eit tak, både dei som har ungar med sjølv og alle andre som er med. Først og fremst fordi det er gjevande og at ein har lyst å vera med.

I lagspel er det viktig å ikkje berre ha dyktige enkeltspelarar, men og å vera god på å spela saman og stø opp om kvarandre. Handballfestivalen er ein stad for å byggja samhaldet i laget sterkt. Eg vil oppmoda alle dei deltakande laga om å trena på dette under festivalen – så sjølv om det går opp og ned resultatmessig håpar eg å høyre mange positive og konstruktive tilrop under turneringa! Då ynskjer eg lukke til med den syttande Handballfestivalen.

***Gode helsingar frå Magne Rommetveit (ordførar)***

# Skal halda turneringseiden



*Maria Kristin Eskeland og Simen T. Karlsen har i år fått i oppgåve å avleggje eiden under opningsseremonien laurdag. – Me gledar oss kjempemasse, smilar dei to tolvåringane.*

INGRID ROMMETVEIT OG
ANNE LILLEBØ GJERSTAD

– Me hadde loddtrekning på laget og eg vart kjempeglad då dei las opp mitt namn. Maria Kristin Eskeland har vore med på handballfestivalen ein gong før, og kan nesten ikkje vente til laurdagen. Då skal ho saman med Simen T. Karlsen lesa turneringseiden høgt på torget. – Eg er eigentleg litt nervøs eg, men eg trur det kjem til å gå bra, fortel Simen. Dette vert hans tredje år på Handballfestivalen.

Dei to Stordspelarane er svært aktive og spelar både handball og fotball. – I tillegg går eg på kor, fortel Maria Kristin. Men, i helga er det handball som står på timeplanen. – Me gler oss veldig til diskotek og grillkveld. Å så vil me vinna fleire kampar enn i fjor, legg dei to til.

Laurdag føremiddag skal Maria og Simen informere om viktige reglar under arrangementet. – Handballfestivalen handlar ikkje berre om å vinne. Det er viktig med eit godt samarbeid, ha gode lagmål og hugsa å sentra mykje! Dei to ungdommane har tru på ei spanande festivalhelg og håpar på fint vær.

**Eiden**

Som representant for spelarane, lover eg under Handballfestivalen

– Å spela så godt eg kan
– Å oppmuntra medspelarane mine
– Å vise respekt for dommaren
– Å rette meg etter leiarane
– Å ta avstand frå alle former for doping
– Å kjempa med fair play

**Eg lovar:**

– Å tola å tapa
– Å tola å vinna

Torsdagstorget

Torsdag 1.–laurdag 3. juni
Sjå annonse i «Sunnhordland» i går
- lytt til Radio Sunnhordland

expert
elfag

Stomas AS
Torget 8, Stord, tlf. 53 40 23 40

## Resultat på skjerm

I år vil du kunna sjå kampresultata på skjerm. I staden for å henga opp lause ark, skal Einar Balle og resten av arrangørane oppdatere jamleg på skjerm i nyehallen. – Med ein datamaskin kan me enkelt oppdatere listene. Me slepp då å springe fram og tilbake med lappar heile tida, fortel Einar Balle.

Det er til saman sat opp 8 skjermar der det vert vist bilete frå festivalen på to av dei. – Det vil også bli mogleg å sjå resultata på Stord handball sine nettsider (www.stordhandball.no), avsluttar Balle.

## Bankterminal på festivalområde

I sekreteriat er det banketerminal, her er det rå å få ut inntil kr 500,- pr uttak så lenge sekreteriat er ope.



Trenar-Line



Spelar-Line



Servitør-Line



Seg sjølv-Line



Dommar-Line

# Turbo-Line

*Line Vad har spelt handball sidan ho byrja i 7. klasse og dei siste åra har ho så godt som flytta inn i nyehallen på Vikahaugane. Dommar, spelar, trenar eller som tilskodar. Line kjenner alle, og alle kjenner Line.*

INGRID ROMMETVEIT OG ANNE LILLEBØ GJERSTAD

– Eg er både spelar, dommar, trenar og servitør under årets handballfestival. Line Vad er ei travel, men svært sosial jente. På årets handballfestival skal ho blant anna dømma jente- og gutelag opp til 13–14 års alderen, både utandørs og innandørs. – Det kjekkaste med å dømme er at eg får vera litt sjef. Eg bestem og avgjer kva som er rett og gale. Som dommar er det viktig å tåla kritikk. Ein må kunne seie «nok er nok!», og ha tru på at det ein gjer er rett. Det er viktig å stå for det ein seier og meiner, hevdar Vad.

**Godt kjend**

Line har omtrent like mykje energi som ho har vener. Dei fleste som har noko med handball å gjera, veit kven denne jenta er. Ho er ofte å finne hallen, gjerne saman med lagveninner og andre kjende. – Hallen er min andre heim, ler Vad.

**Sosialt og kjekt**

Under årets handballfestival er det rekordmange påmelde. Det kjem gamle og nye lag, alle for å ta del i det store handballarrangementet. – Eg tykkjer det er sosialt og kjekt med handballfestival. Ein får møte mange nye menneske med same interesse som ein sjølv. Det er jo så kjekt å bli kjend med nye folk, smilar den sprudlande fjellgardsjenta.

Framtida er Line heller litt usikker på. – Eg trur nok det er spelinga og dømminga eg kjem til å satse på framover. Så får me heller sjå korleis det vert med trenerinteressa. Line Vad har vore med i Stord handball i mange år, men om det vert på banen, eller ved sidelinja, må me berre venta å sjå. At Line vert å sjåast i hallen, det er i alle fall sikkert.

# HANDBALL FESTIVALEN STORD IDRETTSLAG

BANE Nr.

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Kunstgras
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Skeisebanen
15. Skeisebanen
16. Skeisebanen
17. Skeisebanen
18. Ungdomskulen
19. Stadion




INFO Aktivitet etc.

A. Sekretariatet
B. Kantine / leiartreff
C. Samling tog til torget Leirvik skule
D. Skade stove
E. Buss stopp
F. Grillfest / Grand prix
G. Diskotek

I. Sand vollyball
J Dykkertank
K. Oppstilling premieutdeling
L. Hesteridning
M. Basseng. Stord kulturhus
P. Parkering

OVERSIKTSKART




# Sluttspel gutar

[illegible]

# Sluttspel jenter

[illegible]

Handballfestivalen i tekst og bilete. Kvar dag.
www.sunnhordland.no

# TRANSPORTOPPLEGG FOR HANDBALLFESTIVALEN 2006

| | | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag | Laurdag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vikahaugane** | | 08:00 | 09:00 | 10:00 | 11:00 | 12:00 | 13:00 | 14:00 | 15:00 | 16:00 | 17:00 | 18:00 | 19:00 | 20:00 | 21:00 | 22:00 | 23:00 |
| Rommetveit | | 08:10 | 09:10 | 10:10 | 11:10 | 12:10 | 13:10 | 14:10 | 15:10 | 16:10 | 17:10 | 18:10 | 19:10 | 20:10 | 21:10 | 22:10 | 23:10 |
| Rommetveit | | 08:12 | 09:12 | 10:12 | 11:12 | 12:12 | 13:12 | 14:12 | 15:12 | 16:12 | 17:12 | 18:12 | 19:12 | 20:12 | 21:12 | 22:12 | 23:12 |
| Samhald | | 08:14 | 09:14 | 10:14 | 11:14 | 12:14 | 13:14 | 14:14 | 15:14 | 16:14 | 17:14 | 18:14 | 19:14 | 20:14 | 21:14 | 22:14 | |
| **Vikahaugane** | | 08:24 | 09:24 | 10:24 | 11:24 | 12:24 | 13:24 | 14:24 | 15:24 | 16:24 | 17:24 | 18:24 | 19:24 | 20:24 | 21:24 | 22:24 | |
| **Vikahaugane** | | 08:25 | 09:25 | 10:25 | 11:25 | 12:25 | 13:25 | 14:25 | 15:25 | 16:25 | 17:25 | 18:25 | 19:25 | 20:25 | 21:25 | 22:25 | 23:25 |
| Tjødnalio | | 08:35 | 09:35 | 10:35 | 11:35 | 12:35 | 13:35 | 14:35 | 15:35 | 16:35 | 17:35 | 18:35 | 19:35 | 20:35 | 21:35 | 22:35 | 23:35 |
| **Vikahaugane** | | 08:45 | 09:45 | 10:45 | 11:45 | 12:45 | 13:45 | 14:45 | 15:45 | 16:45 | 17:45 | 18:45 | 19:45 | 20:45 | 21:45 | 22:45 | 23:45 |
| Hystad | | 08:52 | 09:52 | 10:52 | 11:52 | 12:52 | 13:52 | 14:52 | 15:52 | 16:52 | 17:52 | 18:52 | 19:52 | 20:52 | 21:52 | 22:52 | 23:52 |
| **Vikahaugane** | | 08:59 | 09:59 | 10:59 | 11:59 | 12:59 | 13:59 | 14:59 | 15:59 | 16:59 | 17:59 | 18:59 | 19:59 | 20:59 | 21:59 | 22:59 | |

| | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag | Sundag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vikahaugane** | | 08:00 | 09:00 | 10:00 | 11:00 | 12:00 | 13:00 | 14:00 | 15:00 | 16:00 | 17:00 | 18:00 | 19:00 | 20:00 | 21:00 | 22:00 | 23:00 | | 00:05 |
| Rommetveit | | 08:10 | 09:10 | 10:10 | 11:10 | 12:10 | 13:10 | 14:10 | 15:10 | 16:10 | 17:10 | 18:10 | 19:10 | 20:10 | 21:10 | 22:10 | 23:10 | | 00:15 |
| Rommetveit | | 08:12 | 09:12 | 10:12 | 11:12 | 12:12 | 13:12 | 14:12 | 15:12 | 16:12 | 17:12 | 18:12 | 19:12 | 20:12 | 21:12 | 22:12 | 23:12 | | 00:17 |
| Samhald | | 08:14 | 09:14 | 10:14 | 11:14 | 12:14 | 13:14 | 14:14 | 15:14 | 16:14 | 17:14 | 18:14 | 19:14 | 20:14 | 21:14 | 22:14 | 23:14 | | |
| **Vikahaugane** | | 08:24 | 09:24 | 10:24 | 11:24 | 12:24 | 13:24 | 14:24 | 15:24 | 16:24 | 17:24 | 18:24 | 19:24 | 20:24 | 21:24 | 22:24 | 23:24 | | |
| **Vikahaugane** | | 08:25 | 09:25 | 10:25 | 11:25 | 12:25 | 13:25 | 14:25 | 15:25 | 16:25 | 17:25 | 18:25 | 19:25 | 20:25 | 21:25 | 22:25 | 23:25 | 00:05 | 00:25 |
| Tjødnalio | | 08:35 | 09:35 | 10:35 | 11:35 | 12:35 | 13:35 | 14:35 | 15:35 | 16:35 | 17:35 | 18:35 | 19:35 | 20:35 | 21:35 | 22:35 | 23:35 | 00:15 | 00:35 |
| **Vikahaugane** | 08:00 | 08:45 | 09:45 | 10:45 | 11:45 | 12:45 | 13:45 | 14:45 | 15:45 | 16:45 | 17:45 | 18:45 | 19:45 | 20:45 | 21:45 | 22:45 | 23:45 | 00:25 | 00:45 |
| Hystad | 08:05 | 08:52 | 09:52 | 10:52 | 11:52 | 12:52 | 13:52 | 14:52 | 15:52 | 16:52 | 17:52 | 18:52 | 19:52 | 20:52 | 21:52 | 22:52 | 23:52 | 00:35 | 00:52 |
| **Vikahaugane** | 08:17 | 08:59 | 09:59 | 10:59 | 11:59 | 12:59 | 13:59 | 14:59 | 15:59 | 16:59 | 17:59 | 18:59 | 19:59 | 20:59 | 21:59 | 22:59 | 23:59 | | |

| | | Måndag | Måndag | Måndag | Måndag |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vikahaugane** | | 08:00 | 09:00 | 10:00 | 11:00 |
| Rommetveit | | 08:10 | 09:10 | 10:10 | 11:10 |
| Rommetveit | | 08:12 | 09:12 | 10:12 | 11:12 |
| Samhald | | 08:14 | 09:14 | 10:14 | 11:14 |
| **Vikahaugane** | | 08:24 | 09:24 | 10:24 | 11:24 |
| **Vikahaugane** | | 08:25 | 09:25 | 10:25 | 11:25 |
| Tjødnalio | | 08:35 | 09:35 | 10:35 | 11:35 |
| **Vikahaugane** | 08:00 | 08:45 | 09:45 | 10:45 | 11:45 |
| Hystad | 08:05 | 08:52 | 09:52 | 10:52 | 11:52 |
| **Vikahaugane** | 08:17 | 08:59 | 09:59 | 10:59 | 11:59 |

FORKLARING PÅ FARGAR:

| | |
|---|---|
| Minibuss | (gul) |
| Buss | (raud) |

**Bussane kjører frå «rundkjøringa» nedandfor ungdomskulen og til aktuelle ovenattingsplassar (ikkje kjør inn på Rommetveit Skule! – snu ved busstoppen). På Hystad skule kjører bussen til busshaldeplassen (snuplassen) i Brendhaugen. Den kjører ikkje opp Håvåsen og heilt bort til skulen.**

# Bjarte Epland om festivalminner



*Han kjem rett i frå ei to timars handballøkt. Forrige helg var han i Bergen, denne helga skal han vera med å hjelpa til på Handballfestivalen. Me tok oss ein prat med den lovande handballspelaren for å friska opp i gamle minner.*

INGRID ROMMETVEIT OG ANNE LILLEBØ GJERSTAD

– Det eg hugsar aller best var når me vann finalen over Bjørnar. Eg trur det var når eg spelte på G17. Elles er finvêret, grillfestane og diskoteket morosamt å tenkja tilbake på, fortel Epland. Han og lagkameratane sat ofte ute i solskinet å såg på kampar under festivalen. – Dommar- og dugnadsarbeid har det også vore mykje av oppover åra. Me var med på å rigga til og bar ofte ut bord og stolar. Eg trur faktisk at eg skal få dømma litt i år også, uttaler Epland.

Noko av det Bjarte tykte var spesielt kjekt, var alle folka som var samla på ein stad, både kjende og ukjende. – Det er flott at me har eit slikt arrangement her på Stord der mange kan samlast og samstundes dela felles interesser. Det er både sosialt og viktig for Stord som by, legg Epland til.

**Fekk Underlaugsprisen**

Bjarte Epland har spela handball i om lag 12 år. For tida pendlar han frå Bergen til Stord for å få vera med herrelaget å trena og spela kampar. – Det har vore ein del svingingar i herrelaget det siste året. Me starta veldig dårleg med berre 1 poeng på heile fira kampar. Men, så fekk me ein opptur, og rundt juletider låg me på 3. plass. Det vert spanande framover til neste sesong, fortel Epland som for ikkje lenge sidan fekk tildelt sjølvaste Underlaugsprisen. Prisen vert delt ut til den spelaren som har hatt størst utvikling i årets sesong. – Det kom veldig overraskande. Eg hadde ikkje tenkt så mykje på den, men vart veldig glad då eg fekk meldinga, smilar Epland.

**Stordspel og sosionomstudie**

Epland har framleis eitt år igjen av kontrakten med Stord handball. – Til hausten er planen at eg skal byrja på sosionomutdanning på Høgskulen i Bergen. Pendlinga har eg tenkt å fortsette med også til neste år, så får me sjå kva som skjer vidare.

***Namn:*** *Bjarte Epland*
***Alder:*** *22*
***Sivilstatus:*** *Kjæraste*
***Favorittspelar:*** *Christian Berge*
***Framtidsplan:*** *Fortsette med handball. Sosionomstudie*
***Fortida aktuell på:*** *Stord sitt herrelag*



# Middag til tusenar

INGRID ROMMETVEIT OG ANNE LILLEBØ GJERSTAD

Jorunn Bekkenes har vore med på å arrangera Handballfestivalen sidan den starta for snart 17 år sidan. – Eg har hovudansvaret for at alle på cupen får nok mat og drikke, smilar ein svært engasjert Bekkenes.

I løpet av arrangementet skal over 10.000 middagar og frukostserveringar førebuast. – Heldigvis har eg med meg nokre flittige damer som har vore flinke til å fordela oppgåvene. I tillegg er det mange foreldre og Stordspelarar som stiller opp på dugnad, fortel Bekkenes som til no har jobba mest med førearbeidet. – Det går ganske mykje tid ned i dette og eg har brukt både fritid og fridagar til jobbing.

# Me ligg trongt og godt



*Overnattingsansvarleg John Laukhamar.*

*Heile 237 lag kjem til Handballfestivalen dette året. Men ny deltakarrekord gjev nye problemstillingar. – Me har plass, men det er mange lag som har ynskje om å ligga samla. Me får prøve å så godt me kan, seier overnattingsansvarleg John Laukhamar.*

– Dette blir vell det sjuande eller åttande året mitt som overnattingsansvarleg, fortel Laukhamar. – Oppgåvene mine består hovudsakleg i å finna plass til alle som skal bu på skulane. Eg må på førehand avtale med dei som eig skulene, altså kommunen. I tillegg må eg avklara med brannvesenet slik at dei tilreisande ligg trygt og sikkert.

**Reglar og vaktar**
Når dei forskjellige laga kjem til øya, får dei utdelt eit ark der det er merka av kor dei skal sove. – Me har gått rundt på skulane å sett i klasseromma kor mange som kan ligge på kvart rom. Etter dei har «flytta inn» kan dei styre og bestemme sjølv, seier Laukhamar og legg til at det er både ordensreglar og vaktar på dei ulike skulane. – Kvar skule har eigne vaktlister og ein tilgjengeleg telefon dersom det skulle oppstå problem.

**Minibussar som transport**
Handballarrangementet skal halda til på Vikahaugane og i område rundt. – Bakdelen med at det kjem så mange, er at nokon må bu litt utanfor festivalområdet, fortel Laukhamar. – Nokre lag får bu på Stord ungdomsskule, medan andre lag må ha soveplassane sine på Rommetveit, Hystad og Tjødnalio skule. – Nokre vil kanskje tykkja dette er dumt, men det er satt opp minibussar til transport, så det skal ikkje vera noko problem å komme seg til hallane.

**Må ta med soveutstyr**
Stord Handballfestival stiller med soveplassar og mat til dei besøkande. – Soveplassane ordnar me, men alle må ha med seg eigne dyner/soveposar samt luftmadrassar og anna soveutstyr, opplysar Laukhamar. Sjølv om det har gått både 6 og 7 år, er overnattingsansvarleg ei oppgåve han ser seg nøgd med. – Det har vore mykje arbeid før festivalen, men no er så å sei alt i boks. Sjølv tykkjer han Handballfestivalen er eit kjempe arrangement. – Spesielt godt likar eg premieutdelinga for 10, 11 åringane. Då spring dei glade inn saman med festivaltrollet for å motta premien sin. Det er absolutt verdt å få med seg, avslutt Laukhamar.

INGRID ROMMETVEIT

# Alta IF til Handballfestivalen

*I år er handballfestivalen større enn nokon gong tidlegare. Lag frå heile Noreg er meldt på og G-15 frå Alta er eit av laga som vitjar sommarøya for aller fyrste gong.*

INGRID ROMMETVEIT OG
ANNE LILLEBØ GJERSTAD

Det ser ut til at gutane på Stordlaga må ligge i hardtrening før årets festival. Alta stiller nemleg med ni sterke gutar pluss ein spelar som tidlegare i år er vorten trekkt ut til å delta på landslagssamling.

– Me håpar på eit flott, sosialt og sportsleg opplegg. Det er gøy å spela mot heilt nye lag, samstundes som det er kjekt å bli kjendt med nye menneske. Oppmann for gutelaget, Trond Munkvold , har stor tru på laget sitt og vonar på ei fin festivalopplevving med sol og mykje moro. – Gutane er også spesielt glade for at det er så mange jentelag påmeldt, fortel ein entusiastisk oppmann.

G-15 laget frå Alta IF har tidlegare vore med på blant anna Petter Wesselcup i Larvik. I år tek dei turen til Stord. – Det kostar pengar å reise, men dirkektefly frå Hammerfest til Stord har gjort det mykje enklare for oss. Me er også vorten sponsa til turen vår, opplyser Munkvold, som saman med resten av spelarstallen kjem til Stord i pinsehelga.



*Nr. 8, Ulf Arne Jungård Nilsen, er ein av 44 gutar som er vortne innkaldt til landssamling for spelarar født i 1990 og 1991.*

# 5 om festivalen



**Camilla Haraldseid**
**15 år**
**Stord J-15**

– Det som er kjekt med Handballfestivalen er at det er så sosialt. Å så gledar eg meg til å spela mange kampar og møta nye lag.



**Katrine Johannessen Field**
**18 år**
**Stord J-18**

– Eg ser fram til å spela handball! Det er også veldig sosialt og kjekt.



**Torstein Eldøy**
**16 år**
**Tidlegare Stord G-17 spelar**

– Handballfestivalen er ein veldig gøy cup. Det er mange folk med og heile tida noko som skjer. I år skal eg ikkje spele sjølv, men eg skal både dømme og sjå på kampar.



**Lars Andreas Pedersen**
**15 år**
**Stord G-13**

– Handballfestivalen er utruleg gøy fordi det er så mange folk der. Eg gledar meg mykje til grillkvelden!



**Monica Haga Almås**
**17 år**
**Tidlegare j17 spelar**

– Eg tykkjer det er eit flott arrangement og eit bra opplegg. Det er mange menneske med og det er berre kjekt! Eg skal følja laget eg gjekk på og så skal eg sjå på kampane til søstera mi. Håpar på fint vêr!

# IKKJE SOM troll FLEST

*Det gir liv og latter. Det er morosamt å sjå på og flink til å dansa. Det vert ingen handballfestival utan handballfestivaltrollet!*



ANNE LILLEBØ GJERSTAD
OG INGRID ROMMETVEIT

Handballtrollet veit korleis å nytta pinsehelga. I fleire år har det stilt opp på Vikahaugane for å følgja det store arrangementet og heia på sine favorittar. Men kven er eigentleg trollet? Kva gjer det mellom kvar festival, og er det verkeleg så snilt som det gir seg ut for å vera?

Laurdag føremiddag er det opningsermoni på torget i Leirvik sentrum. Alle laga stiller opp og følgjer trollet ned til torget. – Ei av mine største oppgåver som handballtroll, er å gå fyrst i toget. Eg leiar dei små medan me dansar og ropar heiarop. Elles så held eg til der det skjer. Altså litt overalt. Eg går rundt å kikkar på alle kampane som vert spelt, og heiar på laga, fortel eit engasjert handballtroll. Trollet har enno ikkje funne seg noko favorittlag, men seier han heiar på alle laga. – Då vert eg glad uansett korleis kampen endar!

**Ikkje som troll flest**
Handballfestivalen har vore ein trufast tradisjon på Stord i mange år. Det kjem mange tilreisande. Glade og forventningsfulle. – Me har eit fantastisk handballmiljø her på Stord. Dette er den 17 handballfestivalen og eg gler meg meir enn nokon gong, seier trollet medan det klør seg på den lange nasa. Handballtrollet er ikkje som troll flest. Det har riktignok ei stor nase, vide klede og flokete hår, men i motsetnad til andre troll, er handballtrollet tøfft, morosamt og kjempesnilt. – Noko av det kjekkaste med handballfestivalen må vera all merksemda eg får. Ungane er nærmast elektriske og kjem ofte bort for å få ein klem.

**Vafler med jorbærsyltetøy**
Handballtrollet likar godt god mat. Heitevegg, pizza og vafler med jorbæryltetøy er nokre av favorittane. – Eg et mykje mat, men når ein hoppar og danser så mykje som meg, er det viktig å tenkje kosthald og halda seg i god form. Eg burde kanskje ete litt meir frukt og grønsaker, men eg er jo tross alt eit troll! Løyndommen om kor trollet har lært seg alle dansetrinna, vil det ikkje røpe. – Mykje er sjølvlærdt, men meir kan eg dessverre ikkje fortelja dykk, legg det til med eit lurt smil.

**Ser fram til opningsdagen**
I dei 352 dagane handballtrollet ikkje er med på handballfestivalen, ligg det i hardtrening til neste festival. Trollet planlegg, dansar og førebur seg til ein ny vaffelsesong med leik og mykje moro. – Eg tykkjer handballfestivalen er eit fantastisk arrangement. Det er mange flinke deltakarar med, både framfor og bak kulissane. Eg er kjempeglad for at eg får ta del i dette arrangementet,og kan nesten ikkje venta til opningsdagen på laurdag. Eg gler meg som eit troll!



**Namn:** *Handballfestivaltrollet*
**Alder:** *85*
**Sivilstatus:** *Opptatt*
**Yrke:** *Handballtroll*
**Favorittmat:** *Vafler med jorbærsyltetøy*
**Framtidsplan:** *Fortsetje å jobba med festivalen*

**Didrik Launes vann spelarbørsen**

# - Stord har aldri vore betre



*Spelarane i den norske toppserien kåra Didrik Launes til årets strekspelar. Sørlendingen vann også spelarbørsen i Bladet Sunnhordland.*

*– Har aldri opplevd ein betre sesong med Stord. Den forpliktar.*

Didrik Launes vann Bladet Sunnhordland sin spelarbørs. Sørlendingen frydar seg over sin- og laget sin beste sesong noko sinne. Sjølv innleia han årets sesong med å debutera på det norske herrelandslaget. Det skjedde i Fauske tidleg på sommaren. Polen var motstandar i sørlendingen sin landslagsdebut. Seinare plussa han på med enno seks landskampar. Landslagsaktiviteten krydra ein sesong som vart avslutta med sluttspelfinale for fulle hus.

Me likar å bryta barrierar. Sluttspelfinalen har me aldri vore i tidlegare. Det var også ei ny oppleving då ein periode viste skikkeleg styrke på bortebane. Særleg mot slutten av sesongen viste me også styrke ved å stå kampane betre ut enn det me har klart tidlegare. Men all framgang set nye krav. Me er opptekne av heile tida å bryta nye barrierar og ta ny steg mot toppen i norsk handball. Komande sesong vert ekstra spennande med lokaloppgjer mot Haugaland HK. Det set også spiss på sesongen når folk som har hevda seg i internasjonalklubbhandball vendar attende til den norske topserien. Mellom anna vil både Glenn Solberg og Frode Hagen vare attende i Drammen, sluttar vinnaren av årets spelarbørs i Bladet Sunnhordland.

# KAMPOPPSETT

| Klasse | Dag | Kl | Bane | Lag 1 | Lag 2 |
|---|---|---|---|---|---|
| G10 | LØR | 1505 | 14 | Solid 1 | Tysnes |
| G10 | LØR | 1505 | 12 | Foldnes | Stord 2 |
| G10 | LØR | 1710 | 14 | Solid 1 | Stord 1 |
| G10 | LØR | 1735 | 14 | Tysnes | Foldnes |
| G10 | LØR | 1800 | 9 | Solid 1 | Stord 2 |
| G10 | LØR | 1825 | 9 | Foldnes | Stord 1 |
| G10 | LØR | 1915 | 14 | Tysnes | Stord 1 |
| G10 | LØR | 1940 | 14 | Foldnes | Stord 2 |
| G10 | SØN | 800 | 14 | Solid 1 | Stord 2 |
| G10 | SØN | 825 | 14 | Foldnes | Stord 1 |
| G10 | SØN | 1005 | 14 | Solid 1 | Tysnes |
| G10 | SØN | 1030 | 14 | Foldnes | Stord 2 |
| G10 | SØN | 1300 | 14 | Solid 1 | Stord 1 |
| G10 | SØN | 1350 | 14 | Tysnes | Foldnes |
| G10 | SØN | 1620 | 17 | Tysnes | Stord 1 |
| G10 | SØN | 1645 | 14 | Tysnes | Stord 2 |
| G11 | LØR | 1300 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Foldnes |
| G11 | LØR | 1325 | 18 | Kopervik | Fyllingen 1 |
| G11 | LØR | 1415 | 18 | Foldnes | Stord 2 |
| G11 | LØR | 1440 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Solid |
| G11 | LØR | 1555 | 18 | Kopervik | Solid |
| G11 | LØR | 1620 | 18 | Stord 1 | Stord 2 |
| G11 | LØR | 1645 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Fyllingen 1 |
| G11 | LØR | 1735 | 18 | Foldnes | Stord 1 |
| G11 | LØR | 1850 | 18 | Solid | Fyllingen 1 |
| G11 | LØR | 1915 | 18 | Kopervik | Stord 1 |
| G11 | SØN | 800 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Stord 1 |
| G11 | SØN | 825 | 18 | Kopervik | Foldnes |
| G11 | SØN | 850 | 18 | Solid | Stord 2 |
| G11 | SØN | 940 | 18 | Fyllingen 1 | Foldnes |
| G11 | SØN | 1030 | 18 | Kopervik | Stord 2 |
| G11 | SØN | 1055 | 18 | Solid | Foldnes |
| G11 | SØN | 1145 | 18 | Fyllingen 1 | Stord 1 |
| G11 | SØN | 1235 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Stord 2 |
| G11 | SØN | 1300 | 18 | Solid | Stord 1 |
| G11 | SØN | 1620 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Kopervik |
| G11 | SØN | 1735 | 18 | Fyllingen 1 | Stord 2 |
| G12-1 | LØR | 1300 | 13 | Stord 1 | Askøy |
| G12-1 | LØR | 1325 | 13 | Årstad 1 | Fyllingen |
| G12-1 | LØR | 1440 | 13 | Fitjar | Fyllingen |
| G12-1 | LØR | 1505 | 13 | Mathopen | Askøy |
| G12-1 | LØR | 1620 | 13 | Fyllingen | Askøy |
| G12-1 | LØR | 1645 | 13 | Stord 1 | Årstad 1 |
| G12-1 | LØR | 1710 | 13 | Fitjar | Mathopen |
| G12-1 | SØN | 1210 | 12 | Stord 1 | Fitjar |
| G12-1 | SØN | 1235 | 12 | Mathopen | Fyllingen |
| G12-1 | SØN | 1300 | 12 | Årstad 1 | Askøy |
| G12-1 | SØN | 1440 | 12 | Stord 1 | Mathopen |
| G12-1 | SØN | 1505 | 12 | Årstad 1 | Fitjar |
| G12-1 | SØN | 1620 | 12 | Stord 1 | Fyllingen |
| G12-1 | SØN | 1645 | 12 | Årstad 1 | Mathopen |
| G12-1 | SØN | 1710 | 12 | Fitjar | Askøy |
| G12-2 | LØR | 1350 | 13 | Stord 2 | Bønes |
| G12-2 | LØR | 1415 | 13 | Solid | Åsane |
| G12-2 | LØR | 1530 | 13 | Årstad 2 | Åsane |
| G12-2 | LØR | 1555 | 13 | Kjøkkelvik | Bønes |
| G12-2 | LØR | 1735 | 13 | Stord 2 | Solid |
| G12-2 | LØR | 1800 | 13 | Åsane | Bønes |
| G12-2 | LØR | 1825 | 13 | Årstad 2 | Kjøkkelvik |
| G12-2 | SØN | 1325 | 12 | Stord 2 | Årstad 2 |
| G12-2 | SØN | 1350 | 12 | Kjøkkelvik | Åsane |
| G12-2 | SØN | 1415 | 12 | Solid | Bønes |
| G12-2 | SØN | 1530 | 12 | Stord 2 | Kjøkkelvik |
| G12-2 | SØN | 1555 | 12 | Solid | Årstad 2 |
| G12-2 | SØN | 1735 | 12 | Stord 2 | Åsane |
| G12-2 | SØN | 1800 | 12 | Solid | Kjøkkelvik |
| G12-2 | SØN | 1825 | 12 | Årstad 2 | Bønes |
| G12A1 | SØN | 1915 | 12 | Nr.1 G12-1 | Nr.2 G12-2 |
| G12A2 | SØN | 1915 | 11 | Nr.2 G12-1 | Nr.1 G12-2 |
| G12A3 | MAN | 1055 | 1 | Vinner G12A1 | Vinner G12A2 |
| G12B1 | SØN | 1915 | 7 | Nr.3 G12-1 | Nr.6 G12-2 |
| G12B2 | SØN | 1915 | 13 | Nr.4 G12-1 | Nr.5 G12-2 |
| G12B3 | SØN | 1940 | 11 | Nr.5 G12-1 | Nr.4 G12-2 |
| G12B4 | SØN | 1940 | 13 | Nr.6 G12-1 | Nr.3 G12-2 |
| G12B5 | SØN | 2005 | 4 | Vinner G12B1 | Vinner G12B2 |
| G12B6 | SØN | 2005 | 5 | Vinner G12B3 | Vinner G12B4 |
| G12B7 | MAN | 1055 | 2 | Vinner G12B5 | Vinner G12B6 |
| G13-1 | FRE | 2025 | 3 | Stord 1 | Mathopen |
| G13-1 | LØR | 1440 | 7 | Bjørnar 2 | Åsane |
| G13-1 | LØR | 1505 | 7 | Os Turn | Gneist |
| G13-1 | LØR | 1710 | 7 | Stord 1 | Bjørnar 2 |
| G13-1 | LØR | 1735 | 7 | Åsane | Os Turn |
| G13-1 | LØR | 1800 | 7 | Gneist | Mathopen |
| G13-1 | LØR | 1915 | 7 | Stord 1 | Os Turn |
| G13-1 | LØR | 1940 | 7 | Bjørnar 2 | Gneist |
| G13-1 | LØR | 2005 | 7 | Åsane | Mathopen |
| G13-1 | SØN | 940 | 7 | Bjørnar 2 | Mathopen |
| G13-1 | SØN | 1005 | 7 | Stord 1 | Gneist |
| G13-1 | SØN | 1300 | 5 | Stord 1 | Åsane |
| G13-1 | SØN | 1440 | 7 | Åsane | Gneist |
| G13-1 | SØN | 1505 | 7 | Os Turn | Mathopen |
| G13-1 | SØN | 1710 | 7 | Bjørnar 2 | Os Turn |
| G13-2 | LØR | 1440 | 8 | Stord 2 | Bjørnar 1 |
| G13-2 | LØR | 1505 | 8 | Bønes | Øygard |
| G13-2 | LØR | 1530 | 8 | Bjarg | Askøy |
| G13-2 | LØR | 1735 | 8 | Stord 2 | Bønes |
| G13-2 | LØR | 1825 | 8 | Øygard | Askøy |
| G13-2 | LØR | 2035 | 2 | Bønes | Bjarg |
| G13-2 | LØR | 2110 | 2 | Stord 2 | Askøy |
| G13-2 | SØN | 940 | 8 | Stord 2 | Øygard |
| G13-2 | SØN | 1005 | 8 | Bjørnar 1 | Bønes |
| G13-2 | SØN | 1210 | 8 | Øygard | Bjarg |
| G13-2 | SØN | 1235 | 8 | Bjørnar 1 | Askøy |
| G13-2 | SØN | 1440 | 8 | Stord 2 | Bjarg |
| G13-2 | SØN | 1530 | 8 | Bjørnar 1 | Øygard |
| G13-2 | SØN | 1620 | 8 | Bønes | Askøy |
| G13-2 | SØN | 1645 | 8 | Bjørnar 1 | Bjarg |
| G13A1 | SØN | 2125 | 3 | Nr.1 G13-1 | Nr.2 G13-2 |
| G13A2 | MAN | 1055 | 3 | Nr.2 G13-1 | Nr.1 G13-2 |
| G13A3 | MAN | 1240 | 1 | Vinner G13A1 | Vinner G13A2 |
| G13B2 | SØN | 1850 | 13 | Nr.6 G13-1 | Nr.3 G13-2 |
| G13B3 | SØN | 1825 | 11 | Nr.3 G13-1 | Nr.6 G13-2 |
| G13B4 | SØN | 1850 | 11 | Nr.4 G13-1 | Nr.5 G13-2 |
| G13B5 | SØN | 1825 | 13 | Nr.5 G13-1 | Nr.4 G13-2 |
| G13B6 | SØN | 2005 | 13 | Vinner G13B2 | Vinner G13B4 |
| G13B7 | SØN | 1940 | 12 | Vinner G13B3 | Vinner G13B5 |
| G13B8 | MAN | 1205 | 2 | Vinner G13B6 | Vinner G13B7 |
| G14 | LØR | 1350 | 6 | Bjørnar | Sandviken |
| G14 | LØR | 1415 | 6 | Stord | Fyllingen |
| G14 | LØR | 1440 | 12 | Sandviken | Foldnes |
| G14 | LØR | 1440 | 6 | Nord | Tysnes |
| G14 | LØR | 1555 | 6 | Stord | Bjørnar |
| G14 | LØR | 1620 | 6 | Fyllingen | Nord |
| G14 | LØR | 1705 | 1 | Stord | Sandviken |
| G14 | LØR | 1735 | 6 | Tysnes | Foldnes |
| G14 | LØR | 1800 | 6 | Fyllingen | Bjørnar |
| G14 | LØR | 1825 | 6 | Nord | Foldnes |
| G14 | LØR | 1915 | 6 | Stord | Nord |
| G14 | LØR | 1940 | 6 | Fyllingen | Sandviken |
| G14 | LØR | 2005 | 6 | Bjørnar | Tysnes |
| G14 | SØN | 910 | 2 | Stord | Foldnes |
| G14 | SØN | 1205 | 1 | Stord | Tysnes |
| G14 | SØN | 1235 | 6 | Fyllingen | Foldnes |
| G14 | SØN | 1300 | 6 | Bjørnar | Nord |
| G14 | SØN | 1555 | 6 | Sandviken | Nord |
| G14 | SØN | 1620 | 6 | Fyllingen | Tysnes |
| G14 | SØN | 1800 | 6 | Sandviken | Tysnes |
| G14 | SØN | 1825 | 6 | Bjørnar | Foldnes |
| G14A1 | SØN | 1905 | 1 | Nr.4 G14-1 | Nr.5 G14-1 |
| G14A2 | SØN | 1915 | 5 | Nr.3 G14-1 | Nr.6 G14-1 |
| G14A3 | SØN | 1915 | 6 | Nr.2 G14-1 | Nr.7 G14-1 |
| G14A4 | MAN | 835 | 1 | Nr.1 G14-1 | Vinner G14A1 |
| G14A5 | MAN | 910 | 1 | Vinner G14A2 | Vinner G14A3 |
| G14A6 | MAN | 1350 | 1 | Vinner G14A4 | Vinner G14A5 |
| G15 | FRE | 1910 | 2 | Stord | Alta |
| G15 | LØR | 935 | 3 | Alta | F&G / Viking |
| G15 | LØR | 935 | 2 | Solid | Kopervik |
| G15 | LØR | 1335 | 2 | Stord | Solid |
| G15 | LØR | 1410 | 3 | F&G / Viking | Kopervik |
| G15 | LØR | 1740 | 3 | Stord | F&G / Viking |
| G15 | SØN | 835 | 2 | F&G / Viking | Solid |
| G15 | SØN | 1020 | 1 | Stord | Kopervik |
| G15 | SØN | 1205 | 3 | Alta | Solid |
| G15 | SØN | 1350 | 2 | Alta | Kopervik |
| G15A1 | MAN | 800 | 3 | Nr.4 G15-1 | Nr.5 G15-1 |
| G15A2 | MAN | 1130 | 3 | Nr.2 G15-1 | Nr.3 G15-1 |
| G15A3 | MAN | 1205 | 3 | Nr.1 G15-1 | Vinner G15A1 |
| G15A4 | MAN | 1500 | 1 | Vinner G15A2 | Vinner G15A3 |
| G18 | FRE | 2020 | 1 | Stord 2 | Stord 1 |
| G18 | LØR | 1410 | 2 | Stord 2 | Askøy |
| G18 | LØR | 1630 | 2 | Stord 1 | Stord 3 |
| G18 | LØR | 1815 | 1 | Askøy | Stord 3 |
| G18 | LØR | 2000 | 1 | Askøy | Stord 1 |
| G18 | LØR | 2145 | 1 | Stord 2 | Stord 3 |
| G18 | SØN | 1130 | 1 | Stord 2 | Askøy |
| G18 | SØN | 1315 | 1 | Askøy | Stord 1 |
| G18 | SØN | 1535 | 2 | Stord 2 | Stord 3 |
| G18 | SØN | 1720 | 2 | Stord 1 | Stord 3 |
| G18 | SØN | 1830 | 1 | Askøy | Stord 3 |
| G18 | SØN | 2235 | 1 | Stord 2 | Stord 1 |
| G18A1 | MAN | 1425 | 2 | Nr.2 G18-1 | Nr.3 G18-1 |
| G18A2 | MAN | 1645 | 1 | Vinner G18A1 | Nr.1 G18-1 |
| J10 | LØR | 1300 | 17 | Askøy | Fitjar |
| J10 | LØR | 1325 | 17 | Foldnes | Fyllingen |
| J10 | LØR | 1350 | 18 | Kvinnherad | Stord 1 |
| J10 | LØR | 1350 | 17 | Brattholmen 2 | Tysnes |
| J10 | LØR | 1415 | 17 | Brattholmen 1 | Fitjar |
| J10 | LØR | 1440 | 17 | Foldnes | Kjøkkelvik 1 |
| J10 | LØR | 1505 | 18 | Fyllingen | Stord 3 |
| J10 | LØR | 1505 | 9 | Rival 2 | Solid |
| J10 | LØR | 1505 | 17 | Askøy | Nord |
| J10 | LØR | 1530 | 16 | Kjøkkelvik 1 | Kvinnherad |
| J10 | LØR | 1530 | 17 | Kjøkkelvik 2 | Stord 3 |
| J10 | LØR | 1530 | 18 | Nore Neset | Rival 1 |
| J10 | LØR | 1555 | 17 | Åsane | Rival 1 |
| J10 | LØR | 1555 | 14 | Brattholmen 1 | Rival 2 |
| J10 | LØR | 1620 | 14 | Foldnes | Stord 2 |
| J10 | LØR | 1645 | 17 | Kjøkkelvik 1 | Rival 1 |
| J10 | LØR | 1710 | 9 | Nord | Solid |
| J10 | LØR | 1710 | 17 | Åsane | Brattholmen 1 |
| J10 | LØR | 1710 | 18 | Fyllingen | Stord 2 |
| J10 | LØR | 1710 | 12 | Nore Neset | Foldnes |
| J10 | LØR | 1800 | 18 | Nore Neset | Stord 3 |
| J10 | LØR | 1800 | 14 | Brattholmen 2 | Rival 2 |
| J10 | LØR | 1800 | 17 | Askøy | Stord 2 |
| J10 | LØR | 1825 | 14 | Kjøkkelvik 2 | Stord 1 |
| J10 | LØR | 1850 | 13 | Åsane | Solid |
| J10 | LØR | 1940 | 18 | Kjøkkelvik 2 | Tysnes |
| J10 | LØR | 1940 | 17 | Brattholmen 2 | Fitjar |
| J10 | LØR | 2005 | 14 | Brattholmen 1 | Tysnes |
| J10 | SØN | 800 | 17 | Åsane | Stord 2 |
| J10 | SØN | 850 | 14 | Fyllingen | Solid |
| J10 | SØN | 915 | 13 | Nord | Fitjar |
| J10 | SØN | 915 | 17 | Brattholmen 1 | Rival 1 |
| J10 | SØN | 915 | 18 | Stord 1 | Tysnes |
| J10 | SØN | 940 | 14 | Kjøkkelvik 1 | Rival 2 |
| J10 | SØN | 1005 | 18 | Nord | Stord 1 |
| J10 | SØN | 1055 | 14 | Nore Neset | Fitjar |
| J10 | SØN | 1120 | 14 | Fyllingen | Stord 1 |
| J10 | SØN | 1120 | 18 | Kvinnherad | Rival 1 |
| J10 | SØN | 1145 | 6 | Kjøkkelvik 1 | Stord 2 |
| J10 | SØN | 1210 | 14 | Foldnes | Nord |
| J10 | SØN | 1210 | 7 | Åsane | Kvinnherad |
| J10 | SØN | 1235 | 14 | Fyllingen | Rival 2 |
| J10 | SØN | 1325 | 18 | Askøy | Brattholmen 1 |
| J10 | SØN | 1325 | 16 | Stord 3 | Foldnes |
| J10 | SØN | 1325 | 14 | Nore Neset | Stord 2 |
| J10 | SØN | 1350 | 18 | Kvinnherad | Solid |
| J10 | SØN | 1415 | 14 | Brattholmen 1 | Stord 1 |
| J10 | SØN | 1415 | 18 | Åsane | Rival 2 |
| J10 | SØN | 1440 | 18 | Brattholmen 2 | Rival 1 |
| J10 | SØN | 1440 | 14 | Askøy | Tysnes |
| J10 | SØN | 1505 | 14 | Foldnes | Nore Neset |
| J10 | SØN | 1530 | 14 | Brattholmen 2 | Stord 1 |
| J10 | SØN | 1555 | 14 | Kjøkkelvik 2 | Åsane |
| J10 | SØN | 1555 | 16 | Askøy | Kvinnherad |
| J10 | SØN | 1710 | 14 | Kjøkkelvik 1 | Stord 3 |
| J10 | SØN | 1735 | 14 | Kjøkkelvik 2 | Nord |
| J10 | SØN | 1800 | 14 | Foldnes | Tysnes |
| J10 | SØN | 1850 | 14 | Brattholmen 2 | Stord 3 |
| J10 | SØN | 1915 | 14 | Kjøkkelvik 2 | Fitjar |
| J10 | SØN | 1940 | 14 | Åsane | Solid |
| J10 | SØN | 2005 | 14 | Brattholmen 1 | Stord 3 |
| J11 | LØR | 1300 | 14 | Askøy 3 | Solid 1 |
| J11 | LØR | 1300 | 16 | Kjøkkelvik 2 | Rival 2 |
| J11 | LØR | 1300 | 15 | Bønes 1 | Gneist |
| J11 | LØR | 1325 | 14 | Bjørnar 2 | Stord 2 |
| J11 | LØR | 1325 | 16 | Fyllingen | Fitjar |
| J11 | LØR | 1325 | 15 | Flaktveit | Foldnes |
| J11 | LØR | 1350 | 14 | Bjørnar 3 | Stord 1 |
| J11 | LØR | 1350 | 16 | Kringlebotn | Nornen |
| J11 | LØR | 1350 | 15 | Åsane 2 | Sund |
| J11 | LØR | 1415 | 14 | Askøy 1 | Nord |
| J11 | LØR | 1415 | 15 | Askøy 2 | Stord 1 |
| J11 | LØR | 1415 | 16 | Kjøkkelvik 1 | Åsane 1 |
| J11 | LØR | 1440 | 16 | Mathopen 1 | Gneist |
| J11 | LØR | 1440 | 15 | Askøy 1 | Rival 1 |
| J11 | LØR | 1440 | 9 | Mathopen 2 | Foldnes |
| J11 | LØR | 1505 | 16 | Fyllingen | Tysnes |
| J11 | LØR | 1505 | 15 | Askøy 4 | Solid 1 |
| J11 | LØR | 1530 | 15 | Bjørnar 1 | Fitjar |
| J11 | LØR | 1530 | 14 | Askøy 4 | Stord 3 |
| J11 | LØR | 1555 | 15 | Bjørnar 2 | Nord |
| J11 | LØR | 1555 | 16 | Bønes 1 | Stord 2 |
| J11 | LØR | 1620 | 16 | Bjørnar 1 | Askøy 1 |
| J11 | LØR | 1620 | 15 | Brattholmen | Nornen |
| J11 | LØR | 1620 | 17 | Kjøkkelvik 2 | Kringlebotn |
| J11 | LØR | 1645 | 14 | Bjørnar 3 | Solid 1 |
| J11 | LØR | 1645 | 15 | Bønes 2 | Stord 3 |
| J11 | LØR | 1645 | 16 | Kringlebotn | Sund |
| J11 | LØR | 1710 | 16 | Bønes 2 | Rival 1 |
| J11 | LØR | 1710 | 15 | Flaktveit | Stord 1 |
| J11 | LØR | 1735 | 12 | Askøy 2 | Tysnes |
| J11 | LØR | 1735 | 16 | Kjøkkelvik 1 | Gneist |
| J11 | LØR | 1735 | 17 | Mathopen 1 | Rival 1 |
| J11 | LØR | 1735 | 15 | Brattholmen | Rival 2 |
| J11 | LØR | 1800 | 15 | Mathopen 2 | Åsane 1 |
| J11 | LØR | 1800 | 16 | Askøy 3 | Stord 2 |
| J11 | LØR | 1825 | 17 | Fyllingen | Nornen |
| J11 | LØR | 1825 | 16 | Askøy 4 | Tysnes |
| J11 | LØR | 1825 | 18 | Bønes 2 | Kjøkkelvik 2 |
| J11 | LØR | 1850 | 17 | Bønes 1 | Rival 2 |
| J11 | LØR | 1850 | 14 | Bjørnar 3 | Fitjar |
| J11 | LØR | 1850 | 15 | Bjørnar 1 | Stord 3 |
| J11 | LØR | 1850 | 16 | Åsane 2 | Solid 1 |
| J11 | LØR | 1915 | 15 | Bjørnar 2 | Sund |
| J11 | LØR | 1915 | 17 | Brattholmen | Stord 1 |
| J11 | LØR | 1940 | 16 | Askøy 3 | Bønes 1 |
| J11 | LØR | 1940 | 15 | Askøy 2 | Fitjar |
| J11 | LØR | 2005 | 15 | Åsane 2 | Mathopen 1 |
| J11 | LØR | 2005 | 18 | Kjøkkelvik 1 | Foldnes |
| J11 | LØR | 2005 | 17 | Flaktveit | Nord |
| J11 | LØR | 2005 | 16 | Mathopen 2 | Åsane 1 |
| J11 | SØN | 800 | 16 | Askøy 2 | Stord 2 |
| J11 | SØN | 800 | 6 | Nornen | Åsane 1 |
| J11 | SØN | 825 | 13 | Brattholmen | Gneist |
| J11 | SØN | 825 | 16 | Kringlebotn | Solid 1 |
| J11 | SØN | 850 | 17 | Fyllingen | Foldnes |
| J11 | SØN | 850 | 6 | Mathopen 2 | Kjøkkelvik 1 |
| J11 | SØN | 850 | 16 | Mathopen 1 | Sund |
| J11 | SØN | 915 | 14 | Bjørnar 3 | Rival 1 |
| J11 | SØN | 915 | 16 | Bønes 1 | Kjøkkelvik 2 |
| J11 | SØN | 915 | 6 | Askøy 3 | Fitjar |
| J11 | SØN | 940 | 17 | Åsane 2 | Foldnes |
| J11 | SØN | 940 | 6 | Askøy 1 | Tysnes |
| J11 | SØN | 940 | 16 | Bønes 2 | Solid 1 |
| J11 | SØN | 1005 | 17 | Askøy 3 | Stord 1 |
| J11 | SØN | 1005 | 13 | Askøy 4 | Rival 2 |
| J11 | SØN | 1030 | 17 | Flaktveit | Stord 3 |
| J11 | SØN | 1030 | 16 | Bønes 1 | Sund |
| J11 | SØN | 1055 | 17 | Mathopen 1 | Nornen |
| J11 | SØN | 1055 | 16 | Flaktveit | Gneist |
| J11 | SØN | 1120 | 16 | Åsane 2 | Stord 1 |
| J11 | SØN | 1145 | 17 | Kringlebotn | Stord 2 |
| J11 | SØN | 1145 | 16 | Askøy 2 | Rival 1 |
| J11 | SØN | 1145 | 14 | Bjørnar 3 | Tysnes |
| J11 | SØN | 1210 | 17 | Kjøkkelvik 1 | Nornen |
| J11 | SØN | 1210 | 16 | Askøy 1 | Stord 3 |
| J11 | SØN | 1210 | 18 | Kjøkkelvik 2 | Åsane 1 |
| J11 | SØN | 1235 | 16 | Askøy 4 | Fitjar |
| J11 | SØN | 1235 | 17 | Mathopen 2 | Stord 1 |
